



Arkivnr: 2014/11976-25

Saksbehandlar: Inge Edvardsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		09.09.2015
Fylkesutvalet		23.09.2015

**Omklassifisering av gamlevegen gjennom Ytre Tysse - fv. 48****Samandrag**

Omlegging og utbetring av fylkesveg 48 på strekninga Gaupholm – Straumsbrua, gjennom Tyssetunellen, har ført til at eksisterande fylkesveg gjennom Ytre Tysse sentrum har fått endra sin funksjon. Det fremmest difor forslag om å omklassifisere fv. 48, på strekninga frå Sætrevika til kryss fylkesveg 136 (Tysse bru), til kommunal veg.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtar at:

1. Fylkesveg 48, mellom Sætrevika og kryss fv. 136 (Tysse bru) med ein lengde på ca. 2700 meter vert omklassifisert til kommunal veg.
2. Fylkesveg 48, mellom kryss fv. 136 (Tysse bru) til nytt kryss ved Tysseelva (fv. 48), med ein lengde på 300 meter får nytt vegnummer. Strekninga vert ei forlenging av fv. 136.
3. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overleverast til Samnanger kommune skal vegen setjast i den stand som følgjer av veglovens § 7 fjerde ledd og i samsvar med notatet etter synfaringa 20.05.2014 frå Statens vegvesen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 24.08.2015**

Statens vegvesen sendte i brev av 27.07.2015 tilråding til omklassifisering til kommunalveg for del av fv. 48 i Samnanger kommune.

### **Bakgrunn for saka**

Prosjektet Tyssetunellen gjaldt utbetring og omlegging av fv. 48 på strekninga Gaupholm – Straumsbrau med bygging av tunell, og bygging av ny gang- og sykkelveg langs fv. 7 Frølandsvatnet i Samnanger kommune. Prosjektet har en lengde på ca. 7500 m der 2300 m er i ny tunell frå Sætrevika – Tysseelva. Kryss mellom fv. 7 og fv. 48 er bygd om til rundkjøring. Vegprosjektet vart opna 29. juni i år.

Etter opninga av den nye vegstrekninga har gamlevegen gjennom Ytre Tysse sentrum gått frå å vere hovudgjennomfartsåre til ein veg med meir lokal funksjon.

Det vart gjennomført ei synfaring 20.05.2015, der Samnanger kommune, Statens vegvesen, ved prosjekt Tyssetunellen, vegseksjonen NMS og plan og forvaltning Voss deltok. Det føreligg eit eige notat etter synfaringa.

### **Samnanger kommune**

Samnanger kommune fekk saka til høyring 10.03.2015, og ga sitt svar 15.04.2015. Kommunen ville at det skulle gjennomførast ytterlegare ei synfaring på strekninga, grunna i det dei såg som ein ytterlegare forverring av vegstandarden. Vidare at veglys langs vegen måtte sjåast på, dei ba og om ei utsetting av overtakinga av vegen i påvente av budsjettprosessen i kommunen. Kommunen ynskjer og at Hordaland fylkeskommune skal vurdere om vegen fortsatt skal vere fylkesveg, grunna i at vegen er omkjøringsveg for tunellen, og at kollektivtransport går langs denne traseen.

### **Statens vegvesen**

I sitt tilsvart til dette meiner Statens vegvesen at notatet etter synfaringa gir eit godt grunnlag for kva som skal utbetra før omklassifiseringa. Dei kan ikkje sjå at vegstandarden har vorte forverra etter at synfaringa tok stad, og at det såleis ikkje er naudsint med ny synfaring. Statens vegvesen ynskjer at Hordaland fylkeskommune handsamar omklassifiseringa, og rår til at den eksisterande fylkesvegen gjennom Ytre Tysse sentrum vert omklassifisert til kommunal veg.

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Så lenge vegen er offentleg må ikkje ein omkjøringsveg til ei vegstrekning ha same eigar som hovudvegen, det finst fleire døme på at fylkesveg er omkjøringsveg for ein riksveg. Det er heller ikkje naudsint ein samanheng mellom at fylkeskommunal kollektivtransport trafikkerer ei strekning, og at vegen den køyrast på er fylkesveg. Fylkesrådmannen står seg på vurderingane til Statens vegvesen, legg til grunn at krava som er stilt til vregar som skal omklassifiserast vert gjennomførte, og gir elles støtte til Statens vegvesen sitt forslag til innstilling.